

Namn W708	Skule 	Klasse 7.	G	N
--------------	--	--------------	---	---

Skriveoppgåve 2

Skriv ein tekst der du beskriv kva snø er for ein som aldri har sett eller høyrte om dette før.

Nå skal eg beskrive kva snø er for ein som aldri har sett eller høyrte om dette før.

Snøen er kvit. Den er luftig og kram når temperaturen er rundt 0°C. Når det er frå -10°C til -20, -30, -40 og nedover er han porøs og tørr. Det knasar under føttene av kald snø. Snøen er forresten veldig kald. I snø kan man gjere aktivitetar som: snøballkrig, lage snøskulpturar, gå på ski og ake. Når snøen smeltar blir det vatn. Når vatn og snø frys blir det glatt is. Snø blir laga av at regndråpar frys til, og blir om til snøkrystallar. Ingen snøkrystallar er like. Forskarar har forska på dette og fann aldri 2 symmetriske krystallar. Viss ein slalåmbakke ikkje har nokk snø til sesongopninga, brukar dei maskiner som sprutar ut vassdråpar. Dei frys til snøkrystallar og slalåmbakken kan få snø slik. Veit du kva snø er nå?

